

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

*Saksmappe Saksbehandlar*

2013/1985-3 Terje Natland

## Saksgang

*Saksnr Utval*

*Møtedato*

2013/154 Forvaltningskomiteen

06.11.2013

## **Behandling delingsak - 185/2 -tilleggsareal beite - Valen - Hordaland Fylkeskommune**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Løyve til deling etter jordlova §12:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad viser til saksframstillingen og gir Hordaland Fylkeskommune løyve til å dele frå eit areal på inntil 6 dekar av sin eigedom gnr/bnr 185/2 som tilleggsareal til gnr bnr 185/32 som omsøkt.

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §12.

### **Behandling i Forvaltningskomiteen den 06.11.2013**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 06.11.2013**

**Løyve til deling etter jordlova §12:**

**Forvaltningskomiteen i Kvinnherad viser til saksframstillingen og gir Hordaland Fylkeskommune løyve til å dele frå eit areal på inntil 6 dekar av sin eigedom gnr/bnr 185/2 som tilleggsareal til gnr bnr 185/32 som omsøkt.**

**Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §12.**

### **Saksutgreiing:**

#### **Om søknaden;**

Seljar: Hordaland Fylkeskommune

Kjøpar: Rune Torkildssen, 5451 Valen

Det blir søkt om løyve til å dele frå eit beite på om lag 6 dekar av gnr/bnr 185/2 på Valen. Arealet skal nyttast som tilleggsareal til gnr bnr 185/2. Valen og Handeland gard skal seljast og dei har ønskje om å rydde opp i gamle avtaler før sal. Beite har vore nytta av gnr bnr 185/32 i om lag 50 år. Arealet skal makebyast mot ei nausttomt i vågen som Hordaland Fylkeskommune skal eige, men som Valestiftinga skal disponere og byggje opp att naust på i lag med TERS prosjektet.

**Arealet:**

Søknaden er i samsvar med vedteken plan. Arealet er i kommunedelplanen avsett til Landbruk, Natur – og Friområde.

**Jordlovbehandling:**

Saka er vurdert etter § 12 i jordloven og rundskriv frå landbruksdepartementet.

Paragraf 12 i jordloven inneheld eit forbod mot deling av eigedomar som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk.

Det kan gjevast samtykke til deling dersom samfunnsinteresser av stor vekt talar for det, eller ei deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkastning eigedomen kan gje. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal og takast omsyn til godkjende planar som ligg føre for arealbruken etter plan og bygningsloven og omsynet til kulturlandskapet.

Reglane i jordloven § 12 må tolkast i lys av føremålet i jordloven. Føremålet med jordloven er å leggje høva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vere miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern av jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske og dyr.

**Kart over omsøkt areal****Veg:**

Skal nytte eksisterande.

**Høyring:**

Saka skal ikkje på høyring.

**Naboar:**

Naboane er varsla. Det er ikkje kome merknader frå nokon.

**Vurdering:**

Valen og Handeland Gard skal seljast og Hordaland Fylkeskommune ønskjer å ordne opp i gamle

avtaler før bruket vert seld. Eigar av gnr bnr 185/32, Rune Thorkildsen har ein tidsubestemt avtale om rett til å bruke omsøkt beite. Retten er frå 1944, og beite har vore nytta og stelt av bruk 32 sidan den gong. Eigar av 185/32 betaler kr 10.-i årleg leige for beitet, og denne avtalen gjer at arealet har liten eller ingen verdi for drift av Valen og Handeland gard. Deling som omsøkt vil styrkje bruk 32, men ikkje svekke bruk nr 2.

***Vedlegg:***

- kart m 1 : 5.000